



Nils Johan Meland
Melandsvegen 273
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/575 - 19/4792

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
28.02.2019

Avtale om erverv av nødvendig areal og retter for bygging av nye Meland vassbehandlingsanlegg, vatn og avløpsledning og utviding av Håtuftvegen

Viser til orienteringsmøte den 23. januar 2019 vedrørende kommunen sitt behov for erverv av nødvendig areal og retter for bygging av vassbehandlingsanlegg, vatn og avløpsledning og for utviding av Håtuftvegen.

Vedlagt, som varsla i orienteringsmøte, ligg utkast til avtale om grunnerv. Aksepterer dykk avtalen ber vi om at avtalen vert signert i to eksemplalar og returnert til oss innan 14 dagar frå dato på dette skrivet.

Er det særlege forhold som bør inngå i avtalen, ber vi grunneigar ta kontakt med kommunen snarast mogleg og seinast innan 14 dagar frå dato på dette skrivet. Kommunen er tilgjengeleg for eigne møte ved behov for nærare avklaring.

Reguleringsplanen har vore gjennom kommunal behandling med uttalerett for rørte grunneigarar. Planen sitt innhald og tyding for den enkelte grunneigar antas følgjeleg å vere tilstrekkeleg utgreidd.

For å ikkje tape tid ønskjer Meland kommune, parallelt med forhandling om avtale, å førebu ekspropriasjonssak. Det vert difor varsla om at ekspropriasjonssak vil, om nødvendig, bli fremma for Meland kommunestyre. Førehandsvarsel om ekspropriasjon vert sendt i eige skriv.

Det må likevel understrekast at Meland kommune sitt primære ønske er å kome fram til ei minneleg avtale som samsvarar med den erstatninga grunneigar har krav på.

Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avtale om grunnerverv GBNR 16-1
Ervervskart GBNR 16-1

Mottakere:

Nils Johan Meland

Melandsvegen 273 5919

FREKHAUG